

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

TYSDAG 28.3.2017 KL. 12.15 – 14.00

Til stades: Anne Beate Maurseth (leiar), Helge Sandøy, Henning Laugerud, Christine Hamm, Synne Ytre Arne, Sunniva P. Johansen, Andes Strand og Håvard Peersen.

Fråfall: Gunnstein Akselberg

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
- II. Framlegging av referat frå møtet 3.2.2017
Det var ingen kommentarar til referatet.

7. LLE sin strategi for forskning og forskarutdanning – diskusjonssak

FFU har fått i oppgåve å følgja opp LLE sin strategi ved å laga handlingsplanar for forskning og forskarutdanning. I møtet vart det trekt fram ulike spørsmål og moment ein må ha med seg i det vidare arbeidet.

Forskning:

- Forskingsgruppene ved LLE har ein laus struktur. Skal ein halda fram med denne praksisen? Det var ulike synspunkt på dette i FFU. Det vart argumentert både for at laus struktur/ «bottom-up organisering» sikrar gode møteplassar for open fagleg diskusjon, men det vart også hevda at gruppene er så laust organisert at det ikkje vert tatt initiativ til aktivitet. Kanskje det kan vera ei løysing å skilja mellom forskargrupper/prosjektgrupper og fagseminar?
- Korleis byggja kultur for prosjektutvikling?
- Korleis sikra at forskargruppene har eit godt tilbod til ph.d.-kandidatane?
- Korleis auke publisering på nivå 2? Behov for kulturendring? Kan det verta aktuelt å heva nokre av tidsskrifta, som forskarar ved LLE publiserer i, frå nivå 1 til nivå 2?
- Vil innføring av forskingsplan vil kunne bidra til auka synleggjering av forskning og auka publisering?

Forskarutdanning:

- Internasjonalisering/utanlandsopphald – stipendiatane ønskjer betre informasjon om alternative finansieringskjelder. Det vil vera fint om instituttet kunne gje økonomisk støtte til utanlandsopphald.
- Integrasjon i fagmiljøet. Det verkar litt tilfeldig korleis ph.d.-kandidatane vert integrert i fagmiljøet i dag. Instituttet kan utvikle veiledende rutiner for hvordan det kan gjerast.
- Det vil vera nyttig å sjå grundigare på fordeling av ansvar mellom forskargruppene/fagmiljøa og forskarskulane i høve ph.d.-kandidatane.

8. Stipendiatheimlar og eventuell omgjerung til post.doc – diskusjonssak

FFU hadde eit grundig ordskifte om denne saka. Dei fleste ytra seg positivt om at det er mogleg å gjera om stipendiatsheimlar til postdoktorheimlar. Postdoktorar vert sett på som eit godt tilskot til staben; dei underviser, dei publisere, dei kan søkje om eksterne midlar til forskingsprosjekt. Det vart argumentert for at postdoktorstillingar bør lysast ut ope for å sikra dei beste kandidatane, medan andre meinte at eventuelle postdoktorheimlar må øyremerkjast til fag med rekrutteringsbehov eller til fagmiljø med potensial for å kunne oppnå ekstern finansiering. Det vart òg argumentert for at stillingane kan lysast ut ope, men med ei «mild prioritering» til fag med behov (under elles like vilkår).

Etter kvart vart det semje om følgjande: FFU oppmodar IR om å gjera om inntil 3 stipendiatheimlar til postdoktorheimlar med ei mild prioritering til fagmiljø med behov.

9. Orienteringssaker:

a) Plagiatkontroll

Det er gjennomført plagiatkontroll av 3 avhandlingar ved LLE. Erfaringa så langt er at det tek kort tid å få gjennomført sjølve kontrollen og at det er raskt for kandidat og rettleiar å sjå gjennom rapporten frå Urkund. Plagiatkontroll er gjennomført nokre dagar før kandidaten planlegg å levera inn avhandlinga og tidspunktet er fastsett etter avtale med kandidaten.

b) Prosess mot FRIPRO

Instituttet ønskjer å bidra med god støtte til dei som planlegg å søkja FRIPRO. Det er lagt opp til ein prosess der mellom anna Matthias Kayser ved SVT har sagt seg villig til å kommentera prosjektskissene.

c) Rettleiarseminar

Rettleiarseminar vert halde 26. april.

d) Cristin-registrering

Data frå Cristin vert rapportert til Kunnskapsdepartementet 30. mars. For LLE ligg det an til ein betre poengsum for 2016 enn tidlegare år.

e) Status for arbeidet med vurdering av søkjarar til 4 stipendiatstillingar

Det har meldt seg 48 søkjarar til dei fire utlyste stipendiatstillingane. Komiteen som skal vurdere søkjarane er sett saman av: Anne Beate Maurseth (leiar), Sigrun Åsebø, Christine Hamm og Helge Sandøy. Komiteen er godt i gang med arbeidet og rapport frå komiteen vil vera klar like etter påske.

f) To stipendiatar i mellomalderforskning til LLE

Anne Beate gav ei kort orientering om at det er tilsett to nye stipendiatar i mellomalderforskning ved LLE.

g) Evaluering av humanistisk forskning i Norge v/NFR (HUMEVAL)

Som eit ledd i HUMEVAL har ein ekstern komité vurdert forskinga ved LLE, og instituttet er no involvert i «faktasjekk» av komiteen si vurdering. Rapport frå evalueringa skal etter planen lanserast før sommaren.

h) Stortingsmelding om humaniora

22. mars presenterte kunnskapsministeren *Stortingsmelding om humaniora*.

10 Ymse

- **Forskingstermin 2018**

Frist for å søkja om forskingstermin i 2018 er 1. mai.

- **Kan meister på meisterklasse sitja i komiteen som skal vurdera avhandlinga for den aktuelle kandidaten?**

Spørsmålet vart reist av stipendiatane som meiner at det rådar ulike oppfatningar om kva som er rett tilnærming til dette spørsmålet. Etter eit kort ordskifte om habilitet var det semje i FFU om at ein person som har vore mester i meisterklasse **IKKJE** kan vera medlem av komiteen som skal vurdera den aktuelle kandidaten si avhandling.

19.4.2017

Anne Berit Apold, skrivar